

ÅRDAL KYRKJE



BYGLAND KYRKJE



SANDNES KAPELL



SANDNES KYRKJE



AUSTAD KYRKJE

# Kyrkjebladet

## FOR BYGLAND

Nr. 2- 2026 - 83. årgang



*Endeleg skin ljoset i Austad kyrkje på Tveit att.*

# Lyset skin i mørkret



**«Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det. Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.» (Joh 1,5 og 9)**

Livet består av dagar som er lyse, men òg tyngre dagar med mørke skyer. Ingen er spart frå å møta motgong i løpet av livet. Ser vi på verdssituasjonen, er det mørkare skyer no enn for nokre år sidan.

I denne verkelegheita førebur vi oss på å feire Jesu fødsel. Vi veit at Jesus vart fødd i Betlehem, men ikkje akkurat når på året. Det gjekk nesten 300 år før kyrkja valde å feire Jesu fødsel 25. desember. Ein mogleg forklaring på kvifor dei akkurat valde det tidspunktet, er at dei ville feire Jesu fødsel samstundes med at dei i Romerriket hadde ein av sine store festar der dei feira «den ubeseira sola». Ved å leggje julefeiringa samstundes med denne festen fekk dei fram at Han som vart fødd i Betlehem er verdas sanne lys.

I vårt land fall dette tidspunktet saman med den gamle julefeiringa, «jól». Denne høgtida fekk eit nytt innhald då den vart knytt til Kristi fødsel. Det er når det er på det mørkaste rundt oss at vi ser lyset bryt fram.

Julenatt hende det store underet at Gud vart menneske. Han vart som ein av oss og delte våre kår. Evangelisten Johannes skriv at då Jesus vart fødd, kom det sanne lyset til verda.

Motsetninga til lys er mørker. Når vi blandar motsetningar, får vi ofte noko anna. Varmt og kaldt vatn vert til lunka vatn. Blått og gult vert grønt. Men når du blandar mørker og lys, skjer det forunderlege; mørkret forsvinn, medan lyset vert att. For mørkret er fråvær av lys. Mykje mørker kan ikkje sløkka sjølv det minste lys. Det er alltid mørkret som må vika for lyset.

Johannes skriv: «Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.» Uansett korleis vi har det og korleis det er rundt oss, er vi omgitt av Guds lys. Sjølv i det djupaste mørkret kan ikkje mørkret overvinne lyset frå Gud.

«Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys»,
seier Jesus. Vi er aldri åleine, heller ikkje i vårt mørker.

Om dette lyset seier Johannes ein annan viktig ting. Det er ikkje berre for nokre få. Det lyser for kvart menneske. Eg ynskjer dykk ei velsigna julefeiring.

*Stein Reinertsen*
*Biskop i Agder og Telemark*


# Førjolskonsert

## Setesdal kulturkyrkje på Tveit

### Stevleik møter country



Stevleik med Kirsten Bråten Berg og lokale kvedarar frå Setesdal Spelemannslag

Solistar:



Vidar Frøysnes



Oddvar og Øyvind Omnes



Sigrid K. Jore

Laurdag 28. November
klokka 17.00

**Billettar: 250,-**
**Kan kjøpast på Checkin.no**
**Ved spørsmål ring: 95041185**
**Gratis inngang for dei under 15 år**

**Husband:**
Tor Ånon Kleivane
Finn Håkon Borgi
Runar Granheim
Eirik Hodnemyr

# Hilsen fra leder av soknerådet/fellesrådet

**Alle gode sambygdinger og andre lesere av kyrkjebladet, så var snart enda et år omme og jammen har det også rast av sted. Soknerådet/fellesrådet jobber kontinuerlig med å finne gode løsninger for kirke/menighet og alle andre innbyggere i kommunen.**

*Gro Tove Frafjord Sandnes*

Herrecafeen har vært en suksess og vi er også nå i oppstarten med et diakoniutvalg samt at vi har fått ny kirketjener som har ansvar for alle kirkene Rita Skjeggedal sammen med vaktmester/gartner Toralf Frafjord. Dette er et ledd i å gi et godt tilbud og lette kommunens uteseksjon for noe arbeid, vi vil med dette også kunne tilby ett mye bedre og bredere tilbud når det gjelder pass og stell av gravsteder f.eks. Men det står utfordringer i kø fremover, kommunens budsjett gir oss ingen økning til hverken aktivitet eller vedlikehold så det blir vanskelige prioriteringer fremover. Nå gjelder det å jobbe sammen for å finne gode løsninger.

## Diakoni

Diakoni handler om kirkens omsorg i praksis. Det handler om nestekjærlighet, inkluderende fellesskap og kampen for rettferdighet. Ofte tenker vi på diakoni som besøkstjeneste, en kopp kaffe til den som er ensom, eller en hjelpende hånd i en vanskelig hverdag. Men diakoni handler også om å ta vare på de rommene der dette fellesskapet skapes – nemlig kirkene våre.

I soknet vårt er vi så heldige å ha hele fem kirker. De står der som trygge landemerker i bygdene våre, som rammer rundt livets største



øyeblikk – fra dåp og konfirmasjon til bryllup og gravferd. De er steder for stillhet, bønn, sang og fellesskap.

Men kirkene våre lever ikke av seg selv. De lever fordi mennesker bryr seg.

## Kostnadene øker

I dag står vi overfor en krevende økonomisk virkelighet. Kommunens budsjett gir dessverre ikke rom for noen ekstra midler til drift og vedlikehold av kirkene fremover. Kostnadene øker, og rammene er stramme. Dette betyr at vi står overfor noen svært vanskelige valg dersom vi skal klare å opprettholde liv og aktivitet i alle de fem kirkene våre.

Midt i denne alvorlige situasjonen har vi heldigvis et strålende eksempel på hva som er mulig når krefter slår seg sammen. En av kirkene våre drives i dag nesten utelukkende på dugnad. Gjennom et fantastisk lokalt engasjement holdes både bygget og aktiviteten i hevd. Det er rett og slett imponerende – og dypt inspirerende – å se hva som skjer når lokalmiljøet tar eierskap til kirken sin.

Skal vi lykkes med å bevare det samme gode tilbudet i hele kommunen, trenger vi nå å løfte i flokk. Vi trenger at det samme brennende engasjementet sprer seg til alle de fem kirkene våre.

Når de økonomiske rammene ikke strekker til, blir den frivillige innsatsen vår viktigste ressurs. Dugnad handler ikke bare om å spare penger på maling, plenklipping, kirkekaffe eller vask. Dugnad er diakoni i praksis. Når vi arbeider side om side, bygger vi tilhørighet. Vi ser hverandre, vi inkluderer nye, og vi skaper et fellesskap der alle kan bidra med det de har – enten det er praktiske hender, tid til en prat, eller omsorg for at kirkedøren skal forbli åpen.

Kirken er ikke bare vegger og tak; kirken er oss som hører til her. Skal vi unngå å måtte kutte i aktiviteten i noen av kirkene våre, er vi avhengige av at flere vil være med og bære lasset.

La oss ta vare på alle de fem kirkene våre, slik at de også i fremtiden kan være åpne, varme og levende samlingspunkter for hele bygda.

Varme hilsener og ønske om en fredelig Jul.

Og et godt nyttår.



## Ny kyrkjetenar

Rita Skjeggedal er tilsett i 20%, som kyrkjetenar i alle kyrkjene våre. Ho skal òg vere med i gravferdene. Vi ynskjer henne varmt velkomen!



*Folk kom langvegs frå til opningskonserten, og kyrkja var heilt full.*



*Ein fantastisk dugnadsinnsats frå mange!*

# Austad kirke på Tveit – sammen har vi fått kirka tilbake!

**En stor dugnadsinnsats har gjort det mulig å åpne Austad kirke igjen. Onsdag 8. april 2026 ble det invitert til åpent møte på Ose grendehus.**

*Ivar Dahl*

Temaet var hva som måtte gjøres for å få gjenåpnet Austad kirke etter at Bygland kommune hadde gitt tilsagn om et tilskudd på kr 350 000, under visse betingelser.

Det ble et svært godt oppmøte, og over 20 personer meldte seg umiddelbart villige til å bidra med dugnadsarbeid. Engasjementet var stort, og alle var enige om at her måtte vi løfte sammen dersom kirka skulle åpnes igjen.

Ivar Dahl understreket betydningen av dugnadsinnsatsen og sa tydelig fra om at uten frivillig arbeid ville det bli vanskelig å få kirka gjenåpnet. Han tok selv ansvar for å organisere og lede dugnadsgjengen.

Siden april har det nå blitt lagt ned omkring **230 dugnadstimer.** Det er imponerende hva en gjeng med engasjerte og positive mennesker kan få til når alle bidrar etter evne!

## Fra gamle installasjoner til nyoppusset kirke

Arbeidet startet med å demontere sikringsskapet, fjerne ovnene under benkene og ta bort gamle ledninger og kabler under kirkegulvet. Det var litt av en jobb å komme til der nede. Torgeir Besteland kunne fortelle at det eneste som egentlig var å finne under gulvet, var noen «voksne edderkopper»!

Gunnar Ose sørget for bortkjøring av gammelt materiell som skulle kastes.

Pensjonert murermester Vidar Larsen, en venn av Gunnar Ose, stilte opp og tok sammen med Gunnar på seg arbeidet med å pusse opp pipa.

Etter at ovnene var fjernet, stod det igjen mange hull etter kabler og ledninger. Disse ble tettet med treplugger av Knut G. Austad og Ivar Dahl.

Deretter var det klart for en skikkelig rundvask av hele kirka. Med bøtter, vaskekoster og godt humør stilte en flott gjeng opp. Blant dem var Marit Taksdal, Ingebjørg Heistad, Bøggi Straume, Vigdis Beisland, Tone Astri Sordal og Ivar Dahl, i tillegg til flere andre.

Da vaskingen var unnagjort, var det tid for å gjøre klart til malearbeidet. Gunnar Andersen, Torgeir Besteland, Knut Olav Uppstad, Birgit Langeid Dahl, Anne Løyland og Ivar Dahl sørget for maskering rundt benkene.

Malegjengen bestod av Anne Løyland, Torgeir Besteland, Birgit Langeid Dahl, Svein Nomeland og Ivar Dahl. De gjorde en flott innsats med å friske opp kirkerommet.

Gunnar Andersen og Torgeir Besteland fortjener også en ekstra takk for den fantastiske jobben de gjorde med å pusse og male de gamle ovnene. De fikk virkelig nytt liv!

## En ekstra innsats før den store konsertdagen

Så kom det en liten overraskelse torsdag før konserten lørdag 13. september. Hele kirka måtte vaskes på nytt! Også denne gangen stilte gode hjelpere opp på kort varsel.

En stor takk til Gro Tove Sannes, Vigdis Beisland, Tone Astri Sordal, Marit Taksdal, Gunnar Ose og en

person som dessverre ikke er blitt navngitt her. Tusen takk for at dere stilte opp!

Lørdag 13. september ble en stor dag for Austad kirke. Da kunne vi ønske velkommen til konsert med Oslo Kammerkor, lokale kvedere med Kirsten Bråten Berg i spissen og sanggruppa Kong Hanes.

Det var flott å kunne fylle kirkerommet med sang og musikk igjen etter alt arbeidet som var lagt ned. Denne dagen ble på mange måter et synlig bevis på hva vi kan få til når vi står sammen.

## Arbeidet fortsetter

Dugnadsarbeidet stopper ikke her. Så sent som i november ble det utført skraping og maling av sakristiet. Denne jobben ble gjort av Marit Taksdal, Gunnar Ose og Ivar Dahl.

Neste prosjekt på dugnadslista er å rette opp murene rundt kirkegården og fjerne nettinggjerdet som står på toppen av murene.

Det er også viktig å få fram at ikke alt arbeid kan utføres på dugnad. Det elektriske arbeidet er utført av Evje Elektriske ved Steinar Holte. Varmepumpene er installert av ESV ved Johannes.

## Tusen takk til alle!

Det er mange som har bidratt med både arbeid, tid og engasjement. Noen har vært med mange timer, andre har bidratt med mindre oppgaver, men alle bidrag har vært like viktige for å komme i mål.

Jeg håper jeg har fått med navnene på alle som har deltatt. Dersom noen er blitt glemt, ber jeg om forståelse for det. Det har vært mange gode hjelpere, og alle fortjener en stor takk!

Austad kirke på Tveit er en viktig del av vår lokale historie og vårt fellesskap. At vi nå igjen kan åpne dørene og ta kirka i bruk, skyldes først og fremst den store frivillige innsatsen og viljen til å stille opp.

***Dette er et godt eksempel på hva vi kan få til når vi står sammen. Tusen takk til hver og én som har bidratt – Austad kirke er blitt tatt vare på med både omtanke, arbeidsinnsats og kjærlighet!***



*Ivar Dahl kan endeleg ringe i klokkene på Tveit. Han og kona, Birgit, har styrt dugnadsarbeidet, og lagt ned timesvis av arbeid.*

## Tru, tradisjon og kulturarv i Austad sokn:

# Frå stavkyrkje til vår tid

**Det er ikkje småtteri av historie som høyrer Austad kyrkje til. Her finn me spor etter meir enn 800 år med tru og tradisjonar, og kyrkjeskattar som har vore med på mangt og mykje.**

*Gunnar Ose*

Nokre har funne vegen heim att, medan andre har vore på lange og forunderlege vandringar.

### Frå stavkyrkje til dagens kyrkje

Kyrkjehistoria i Austad sokn strekkjer seg tilbake til kring år 1200, då det stod ei stavkyrkje på Austad. Ho vart riven i 1668 og erstatta av ei tømmerkyrkje kring 1670.
Frå stavkyrkja er dei originale Austadportalane bevarte, med motiv frå segna om Sigurd Fåvnesbane. Originalane er i dag på Historisk museum i Oslo, medan kopiar pryder våpenhuset i Austad kyrkje.
Slik møter mellomalderen oss allereie før me kjem inn i kyrkjerommet.
Då tømmerkyrkja etter kvart vart for dårleg, vart det bestemt å byggje ny kyrkje på Tveit. Den nye kyrkja vart vigsla 7. juli 1880 av biskop Jørgen Moe, han som saman med Asbjørnsen samla dei norske folkeeventyra.

### Tre døypefontar - tre historier

Døypefontane i Austad har kvar si historie, og det er faktisk tre av dei.
Den eine vart laga av Torbjørn Langeid til den nye kyrkja på Tveit og høyrer til inventaret frå kyrkja som vart reist i 1880.
Ein annan døypefont er frå 1690-talet. Han har hatt si eiga vandring gjennom historia og vart restaurert i 1985. Denne fonten står i kyrkja i dag.
Så har me den tredje – og eldste.

### Den gamle døypefonten, ein kyrkjeskatt kjem til syne

Ei særleg spennande historie knyter seg til den gamle, låge døypefonten som kan skrive seg heilt tilbake til stavkyrkja på Austad kring år 1200. Då inventaret frå den gamle kyrkja vart seld, kom døypefonten etter kvart til Longerak. Jubileumsskriftet frå 1980 fortel at han då var hjå Knut Nersten. Familien kjenner historia vidare og hugsar fonten godt.
I 1995 vart han henta for å førast tilbake til kyrkja, men familien visste seinare ikkje kvar han hadde teke vegen.
Under arbeidet med denne historia tok eg på nytt kontakt med familien på Longerak.

### Så fann me han!

Døypefonten står i Austad kyrkje. Familien på Longerak har identifisert han som den same gamle, låge døypefonten som vart henta hjå dei i 1995. Dersom dateringa til mellomalderen blir stadfesta, er dette ikkje berre ein gammal døypefont, men ein kyrkjeskatt med stor kulturhistorisk verdi.
Han kan ha stått i kyrkja medan stavkyrkja enno var samlingsstad for folk i Austad sokn.
Den kulturhistoriske verdien ligg i alder, historie, tilknyting til kyrkjestaden og dei generasjonane som kan ha vorte døypte ved han.
Og så var han ikkje borte likevel.
Døypefonten har komen heim –
det var historia hans me måtte finne att.

### Og så var det preikestolen!

Den gamle preikestolen er frå kring 1536 og er rekna som ein av dei eldste her til lands. Han vart omarbeidd av Christen Anderssøn i 1634 og kom seinare frå Oddernes kyrkje til Austad.
Då den gamle kyrkja vart riven, fekk preikestolen eit ganske anna liv. I kring 50 år gjorde han teneste som kateter i skulehuset på Austad.
Frå forkynning til folkeskule – det må ein kunne kalle eit mangfaldig yrkesliv!
Gjennom hundreåra har preikestolen vorte endra fleire gonger. Han fekk



*Austad kyrkje på Tveit tidleg i 1880-åra.*

renessansepreg i 1634 og vart seinare overmåla og omarbeidd, før han til slutt vart restaurert og teken vare på som den sjeldne kyrkjeskatten han er.

## Måleriet frå den gamle altartavla

Eit anna verdifullt minne frå den gamle tømmerkyrkja er nattverdsmåleriet som i dag heng på nordveggen i Austad kyrkje.
Det kom som gåve i 1708 frå stiftsskrivaren Peder Mauridtsen Torup og kona Maren Lund, og vart seinare ein del av altartavla. Måleriet syner Jesus og dei tolv læresveinane under det siste måltidet.
Då den nye kyrkja vart reist, fekk måleriet vere med på flyttelasset. Det vart restaurert i 1962 og heng i dag som eit vakkert minne om kyrkja som ein gong stod på Austad.

## Gåver som sette spor

Også i nyare tid har folk vore med på å ta vare på kyrkja.
I 1973 kom to gåvebrev. Lærar Eivind Ose, ved Daniel Austad, gav 10 000 kroner til opprusting av kyrkjegardane på Austad og Tveit.
Same året kom eit gåvefond på over 33 000 dollar frå Arne T. Hegland, til minne om foreldra Bergit og Tallak E. Hegland. Midlane skulle i fyrste omgang gå til nytt orgel i Austad kyrkje. Og orgel vart det! Hausten 1977 vart eit nytt orgel frå J. H. Jørgensen Orgelfabrikk levert og montert. Det kosta den gongen over 90 000 kroner.
Slik fekk musikken nye vilkår i kyrkja, til glede for både kyrkjelyden og komande generasjonar.

## Klokketårnet og kapellet som aldri kom

På den gamle kyrkjegarden på Austad står klokketårnet som vart vigsla hausten 1933. Det var opphavleg tenkt som ein del av eit gravkapell, men kapellet vart aldri bygd.




*Dei tre døypefontane i Austad kyrkje på Tveit. Den i midten er den som kan stamme frå 1200-talet.*

I jubileumsskriftet frå 1980 kan me lese at dersom kapellet ein gong vart reist, skulle den gamle preikestolen få kome tilbake til Austad.
Klokketårnet vart ståande åleine som eit synleg minne om den gamle kyrkjestaden.
Restaurering av kyrkjeborga vart i sumar høytideleg markert.

## Ein arv å ta vare på

Kyrkjehistoria handlar ikkje berre om bygningar, årstal og gamle gjenstandar.
Ho handlar om menneska.
Om dei som kom med borna sine til dåpen, om brudepara som gav kvarandre sitt ja, og om dei som fann trøyst når livet røynde på.
Her har folk samla seg i tru og tvil, glede og sorg. Her har salmane og orgeltonane lydd gjennom generasjonar, og her har tradisjonane vorte førte vidare.
Dei gamle kyrkjeskattane minner oss om at me alle er ein del av ei historie som byrja lenge før oss og som held fram etter oss.
For slik er det med både kyrkjehistoria og dei gamle slåttane..
Me har fått dei i arv, ikkje berre for å minnast det som var, men for å føre noko verdifullt vidare.

## Kjelder

Austad kyrkje på Tveit – 100 år *(1880–1980), jubileumsskrift.*
*Vilborg Stubseid Hovet: Ein historisk stad – Liv og lagnad i Austad sokn.*
*Munnlege opplysningar frå familien på Longerak, november 2026.*



# Avduking av kyrkjeborga i Austad

**Sundag 16. august var ein nydeleg, solvarm dag, om enn noko vindfull. Det som gjorde denne søndagen heilt spesiell var den flotte markeringa vi fekk vere med på, på Austad gamle kyrkjegard. Kyrkjegarden var heilt full av folk frå området, men òg langvegsfarande, som ville feire alt ein har fått til på den gamle kyrkjegarden.**

*Av Anne Synnøve Ropstad*

120 menneske hadde møtt opp. Særleg var det kjekt at så mange frå familien til Olav EIvindsson Austad tok turen. Eg trur vi kan slå fast at her var det mange stolte og glade menneske samla på ein plass!

## Mange involverte

Det er mange som har vore involverte i arbeidet her oppe. Både Agder fylkeskommune, Setesdalsmuseet, Bygland kyrkjelege fellesråd og Bygland kommune har bidratt til at Eystein Greibrokk kunne setje i stand kyrkjeborga. For det lærte vi, at dette er ikkje ein vanleg mur, dette er ei borg! Eystein Greibrokk er ein kunstnar med stein. Køyrer du oppover dalen og passerer Ose, så vil eg verkeleg anbefale å ta turen over brua å sjå den staselege borga rundt kyrkjegarden.

Og då legg du òg turen inn i klokketårnet, som har ei flott utstilling med bilete og framstilling av restaureringsarbeidet. Her er òg plansjar av Tarkjel Aslaksson Austad, den kjente spelemannen, historia til Austad gamle kyrkjegard, og gamle gravferdsskikkar og livet i elles i området før i tida. Her er det samla gamle bilete og historier som folk har hatt liggjande, og sett så fint saman av fotograf Marit Kvaale.

## Arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa i Austad gama kunne etter mange års arbeid markere fleire ting samstundes. Det var både ferdigstilt kyrkjegardsborg, at dei har vore med på å gje ut boka til Vilborg Stubseid Hovet: Ein historisk stad. Liv og lagnad i Austad sokn., utstillinga i klokketårnet på Austad og avduking av minnesteinen til Sogemannen Olav Eivindsson Austad.

Arbeidsgruppa har verkeleg stått på og jobba hardt. Her har Torhild Austad, Liv Åsne Austad Andersen, Andres Helle, Knut G. Austad og Knut A. Austad bidratt på ulike måtar. Dei bidrog alle på så fine måtar i markeringa òg. Det var ei lang markering, ho varte i to timar! Tida flaug likevel av garde, fordi det var så godt balansert med eventyr på lydfil, flott musikk, takk av fleire som har bidratt og innlegg om både mur og sogemenn. Tor Ånon Kleivane kjempa tappert mot vindkasta og vann! Lyden bar godt gjennom heile samlinga, og alle fekk med seg dei vakre tonane og alt innhaldet.

## Lokal krefter

Det heile blei dratt i gong av god allsong til Fagert er landet du oss gav. Det understreka heile arrangementet. Det var viktig for komiteen å bruke lokale krefter, i følgje Torhild Austad. Så flinke og flotte lokale musikarar skal du leite lenge etter.
Det var så nydeleg då Anne Karin Kaasa song Gje meg handa di ven, ved avdukinga av minnesteinen etter sogemannen Olav Eivindsson Austad. Og for eit ungt talent Ose har i Gunnar Åmund Løyland Ose som både syng og spelar harpe! Hildur Øygarden har kome heim att og leidde oss fint i allsong, og så var det jo stas då Kong Hanes eftf. dro til med Håvard Hedde saman med Jan Rysstad! Det var rett før vi sprang rundt alle i hop, på skattejakt etter grava til den ulukkelege friarmannen.



*Det var heilt fullt av folk på kyrkjegarden.*



*Torhild Austad og Anne Karin Kaasa under markeringa på Austad.*



*Andres Helle.*



*Gunnar Åmund Løyland Ose.*

Eivind Tanche-Larsen Knutsen stilte i flott Setesdalkofte og trylla fram dei vakraste tonar frå fela si.

Tor Moseid har arbeidd med minneplate og Evje og Fevik Steinindustri med minnesteinen etter Olav Eivindsson Austad. Sogemannen er den enkeltpersonen i heile landet det er skrive mest eventyr etter! Slå den du! Nei, takk av heile hjartet for ein nydeleg dag på Austad gamle kyrkjegard, og takk for ein fantastisk flott jobb. Så no er det berre å vidareføre dette framifrå arbeidet, og fremje slik flott aktivitet i dei andre kyrkjene i soknet vårt òg!

# Nytt frå born og unge

**«Lær den unge vegen han skal gå, så vik han ikkje av når han blir gammal.» (Ordtaka 22:5)**

*Av Mats Hansen*

Barn og unge er ein viktig del av bygda og kyrkja vår, og det er viktig å gje plass og rom til dei som er den neste generasjonen vår.

## Barnekorgudsteneste med 4- og 6-års bokutdeling i Årdal kyrkje

19. oktober var det duka for barnekorgudsteneste i Årdal kyrkje. Barnekoret, under leiing av Else Norunn Greibesland, løfta nesten taket i kyrkja vår med flott song! Det var skikkeleg stas å få synge med dei og høyre på dei. Ekstra stas var det å få dele ut 4 og 6-års bøker til masse born. Vi gler oss til neste gong vi kan finne på noko moro saman!

## Barnekrok i Bygland kyrkje

I haust tok Margit Homme og Ragnhild Gakkestad kontakt med kyrkja for å høyre om moglegheitene for å etablere ein «barnekrok» i Bygland kyrkje. Svein Kleivane vart og kopla på, og no er det lagt planar om å fjerne ein av dei bakarste benkene og innreie ein krok der barna kan vere under gudstenestene.

Barn har ofte behov for å vere i aktivitet, og det kan vere krevjande å sitje på kyrkjebenken gjennom ei heil gudsteneste. Barnekroken vil gjere det mogleg for barna å framleis vere til stades i gudstenesta, samtidig som dei kan vere i aktivitet med til dømes fargelegging og liknande.

Vi i staben blir utruleg glade når det kjem slike initiativ! Det er litt arbeid knytt til å søkje om løyve til endringar i kyrkjebygg, men vi håpar å få barnekroken på plass i byrjinga av 2027.

## Søndagsskule i Bygland

Ei gledeleg nyheit er at vi skal starte opp søndagsskule i Bygland! Sidan vi har relativt få gudstenester, vil søndagsskulen bli arrangert utanom gudstenestene. Her vil kona mi, Malene, som har jobba i både Bygland og Byglandsfjord barnehage, vere involvert.

Oppstart av søndagsskule blir 7. februar på Vonheim bedehus kl. 16.00–17.00.

Alle barn er velkomne, men opplegget er først og fremst tilpassa barn i barnehagealder. Foreldre er og velkomne til å vere med på samlinga. Det blir servert kaffi og noko å bite i.

Ver gjerne med og be for dette arbeidet!



*Det var ein stor gjeng som fekk utdelt 4- og 6-årsbok under barnekorgudstenesta 19. oktober. Her var òg nokre som ikkje hadde fått før, og Maria Jore Gakkestad og Malene Hansen delte ut til alle.*

## Eit nytt konfirmantkull

I tillegg har det nye konfirmantkullet starta opp. Den første samlinga var saman med konfirmantane frå Evje og Hornnes i Byglandshallen 16. oktober, der vi hadde leik, aktivitetar og andakt.

Nytt i år er at vi går over til haustkonfirmasjon. Så dato for dei som er fødd i 2012 er laursdag 11.september 2027. Dette er for å kunne førebu 10.klassingane på hausten, til å vere med som leiarar for konfirmantane. Då får vi òg til ein leir i august, altså rett før konfirmasjon. Dette kullet skal få dra til Tonstadli, saman med Evje og Hornnes og Åseral-konfirmantane. Det gler vi oss veldig til!

Mange av samlingane for konfirmantane i Bygland vil vere saman med konfirmantane frå Evje og Hornnes. Anne Synnøve har samla ein god gjeng med leiarar som sjølve har vore konfirmantar tidlegare. Her er det ekstra stas å ha med Maria Jore Gakkestad og Jenny Feed Lunden frå Bygland! Dei er saman med Evje-folka, ein flott gjeng som er viktige for å skape eit godt fellesskap og eit godt opplegg for konfirmantane.

Vi har og enkelte undervisningssamlingar på Vonheim bedehus, berre for konfirmantane i Bygland.

Ei spennande tid er i vente for konfirmantane! Vi håpar at konfirmasjonstida blir kjekk, at vi kan skape eit godt fellesskap, og at konfirmantane kan lære endå meir om den kristne trua. Vi håpar og at dette kan skape engasjement.

Ver gjerne med og be for konfirmantane og leiarane!

# Mats Hansen - den nye soknepresten i Bygland

**Vi sit på kontoret over Joker med kvar vår kaffikopp, kyrkjeverja og soknepresten. Endeleg byrjar vi å kome litt på plass med ny stab i Bygland.**

*Av Anne Synnøve Ropstad*

Mats har allereie vist seg som ein stødig liturg og predikant i både gudstenester, gravferder og i konfirmantarbeidet.

Han oser av ungdommeleg glød og engasjement, men har og beina planta på jorda. Lat oss no verte litt meir kjent med han:

*Velkommen til Bygland! Du er bare 26 år og snart ferdig utdannet prest. Likevel er du allereie godt i gang med prestetenesta her i Bygland og Årdal sokn. Kva er inntrykka så langt?*

Det er både skremmande og veldig moro, seier han på klingande Vennesladialekt. Skremmande fordi det er eit stort ansvar, og det er noe nytt. Samstundes har dette vore eit kall lenge, og eg kjenner allereie på stor glede i prestetenesta. Det er litt gøy å vere ung prest. Ein merker at mange synast det er fint, fordi folk har ofte eit inntrykk av at prestar må ha grå hår, seier han med eit smil.

*Hva var det som gjorde at du ville bli prest?*

Eg har kjent på eit kall på det sidan eg var i militæret. Då var eg presteassistent, og eg såg veldig opp til militærpresten. Dermed vart eg veldig inspirert til å studere teologi. Eg er overbevist om at kyrkja har verdas beste bodskap, og det ynskjer eg å dele med dei eg møtar.

*Mange vil gjerne bli litt kjend med personen bak prestekragen. Kven er du?*

Kva kan eg seie? Mats Hansen, 26 år. Gift med Malene, som jobbar i barnehagen på Bygland. Bur på Byglandsfjord, men er oppvaksen på Kvarstein i Vennesla. Eg elskar Vennesla, men er allereie begynt å bli glad i Bygland og! Eg har blitt godt teken i mot, menneska her er positive og inkluderande, og naturen her er veldig flott. Det som og er artig med å jobbe her er at organisten i Bygland, Eirik Hodnemyr, er ein god barndomskamerat av meg. Han var forlovaren min då vi gifta oss.

*Har du ei favoritthøgtid?*

Heilt sidan eg var ein liten gut har eg elska jol, og kanskje endå meir adventstida. Det er ei heilt spesiell stemning med jol, og det er stort og feire at ein frelsar er oss gjeven. No gler eg meg til å feire advent og jol i nytt hus på Byglandsfjord, seier han og fortsett med glød: og det blir skikkeleg stas å ha jolegudstenester både i Bygland og i Årdal kyrkje.

*Mange kjenner deg kanskje att frå bandet Bedehusmann. Fortel litt om det og kva plass musikk har i livet ditt.*

Eg har alltid likt musikk, og likar mykje forskjellig musikk. Eg er veldig glad i kristen musikk, og veldig glad i country. Bedehusmann er ein kombinasjon av desse. Vi i Bedehusmann er fyrst og fremst ein kompisgjeng som spelar i lag. Det er viktig for oss å fortelje om Jesus, og så har vi det himla moro med å spele saman, ler han. Håpar vi får til å spele her i løpet av året som kjem.

*Har du en favorittsalme?*

I det siste har eg vorte veldig glad i «Skriv deg Jesus, på mitt hjerte». Den er kort, har berre eit vers, så den er lett å huske. Eg tykkjer det er ei fin bøn som har ein sterk tekst. Den er med på å lyfte blikket mitt.

*Kva håper du å bidra med i kyrkja i Bygland?*

Min største ambisjon som prest er å vere ein god prest der eg er. Det trur eg er å gjere tenesta i lydighet til Guds Ord, og forkynne kven Jesus er gjennom ord og handling. Eg vil ikkje minst vere varm, raus og spreie glede og sjå menneska rundt meg.

Eg brenn for arbeidet med born- og unge. Heilt sida eg var konfirmant har eg vore med som konfirmnatlediar. Eg har jobba som trusopplærar i Vennsla



kirke og barne- og ungdomsarbeidar i Vennesla Frikirke. Eg vil vere med å skape eit godt miljø for born og unge, og vi satsar på å få starta søndagsskule allereie i 2027. Det er viktig at born og ungdom opplever kyrkja som ein stad der dei er velkomne og får vakse i tru og fellesskap.

*Du skal og møte mange ungdom gjennom konfirmantarbeidet. Hva tenker du om det?*

Det gler eg meg veldig til. Eg skal følge konfirmanter både i Evje og Hornnes og i Bygland, og eg håper å bli godt kjent med ungdommane. Konfirmanttida er ein viktig periode kor mange stiller store spørsmål om livet og trua.

*Til slutt: Kva vil du si til innbyggerne i Bygland?*

Eg gler meg til å bli enda betre kjent med alle dei fine menneska her i Bygland, og til å fortsetje å byggje eit godt arbeid her i soknet. Ikkje vær redd for å ta kontakt, anten det er på telefon eller om vi møtast på butikken.

Det er ingen tvil om at Bygland har fått ein engasjert prest med glimt i auge og med omsorg for menneske rundt seg, Så får vi håpe han ikke får behalde det lyse håret sitt, og at ikkje det vert grått i av å kome hit til Bygland! Hjarteleg velkommen, Mats og Guds signing over tenesta!

# Å se og bli sett

**Bykle, Valle og Bygland samarbeider om å ha Åse Gudrun Thortveit i ein 50% stilling som prostidiakon.**

Noko av det ho gjer er å arrangere prostidiakonisamling. I år var denne på Bygland.

Det kom mykje folk som fekk med seg vakre tonar frå Svein Kleivane og Vidar Frøysnes. Gro Tove Frafjord Sandnes har eit nydeleg kåseri om kyrkja som takkar dei som tek vare på ho, og ikkje minst fekk dei frammøtte eit flott føredrag av Bjarne Nordhagen.




Den tidlegare presten fortalde historier om å bli sett, frå eige liv. Som takk fekk han ei flott fuglebok, for han er ein ekte fugleelskar.

Det som var ekstra stas var at det nyoppstarta diakoniutvalet i Bygland var med å la til rette for ein så flott kveld. Så no kan byglendingane gle seg til eit diakoniutval som er budd på å legge til rette for gode møteplassar for ulike grupper. Og dei kan bake kaker!




## Lysmesse

Lysmessa i år blir i Bygland kyrkje 1. søndag i advent, 29. november kl 20.00. Mats og konfirmantene er med på denne, saman med organist Eirik Hodnemyr.



## Kondolanse-protokoll

Mange var innom Bygland kyrkje og teikna eller skreiv ei helsing, etter Hans Majestet kong Harald V sin bortgong.



# Byglendingar i sønderled

**Fredag september sette ni feststemte Byglendingar seg i bussen og køyrde sørover på Riksveg 9. På Hægeland plukka dei opp to Ivelendingar som stod og haika i vegkanten. Den eine vår kjære prostidiakon, den andre ein avgått kyrkjeverje.**

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

Vel framme på Noregs sørlegaste hotell tok me att to Finslendingar - den eine med lang fartstid frå Lidtveit.

Etter ein strålande velkomst av personalet på Mandal hotel inntok me ein særs velsmakande fiskerett i restauranten, med storslått utsikt rett mot Mandalselva.

Her slutta og kveldens guide Ådne Fardal Klev seg til det gilde selskapet.

Regnet fossa ned ved ankomst, men då me kvart på åtte våga oss ut på brua over Mandalselva vart det sprekker i skydekket, og på årets vedlagte deltakarfoto ser det beint fram ut som om vår Skapar fyller heile universet med sin himmelske stråleglans!

Så gjekk turen inn i Mandals gamleby i nordleg retning - heilt opp til Mandal kyrkje som er den største i landet med 1.600 sitjeplassar.

Heile vegen vart me guida av den muntre sogeskrivaren og forteljaren Ådne Fardal Klev som opna gapskratten hos dei fleste av oss gong etter gong.

For ikkje berre fekk me fakta presentert om dei ulike stadene og husa, men gode historier på løpande band.

Laurdagen opprann med litt skiftande skydekke - noko som høvde godt då fleire Byglendingar gjekk berserk i alle dei gilde Mandalsbutikkane.

Same ettermiddag stod vår nye guide Ulf Aanonsen klar og tok oss med på ei byvandring i sørleg retning.

Ikkje lenge etter bykjerna kom me ut i dei stor skogane ned mot Sjøsanden, og sjeldant har ein sett så store grøntområde rett utanfor bebyggelsen.

Undervegs tok me ein stopp i området der familien Salvesen i 1862 etablerte ein stor parafinfabrikk i det området som idag kallast Risøbank.

Mandal Paraffin Olie Company heitte firmaet, der dei i tillegg til framstilling av parafin og etablerte ein lampefabrikk.

Og sjølv om fabrikken - som den gong var Noregs største parafinfabrikk vart lagt ned allereie 10 år seinare - gav Salvesenfamiliens verksemder store ringverknader både i Mandal og i Skottland der det gjennom fleire hundre år har vore mykje handel og skipsfart fram og tilbake over Nordsjøen.

Til sist samla me oss i «Klokkehuset» tilhøyrande Sommarhuset som familien Salvesen sette opp i år 1900, og som vart teke i bruk året etter.

Allereie då hadde familien Salvesen etablert store verksemder i Skottland, og idag bur flesteparten av Salvesenfamilien der.

I «Klokkehuset» synte Ulf Aanonsen oss to filmar, der den eine omhandla Parafinfabrikken, den andre historia om Salvesenfamilien.

Laurdagskvelden tok me turen opp i Mandal kyrkje, der det først vanka ein minikonsert med organist Jan Erik Tallaksen, før me alle song med av full hals på både gospelsongar og salmer han hadde trykt opp til oss. Så hadde me ei lita øving med Vonheimkoret, før resten av kvelden vart tilbragt på Mandal hotel som ligg så uneleg til heilt ut mot Mandalselva.

Etter frukosten på søndag vart me med på gudsteneste i Misjonssalen i Mandal, og der Vonheimkoret medverka med vakker song.

Etter nok eit velsmakande måltid på hotellet avslutta me reisa med eit særs spananade og interessant besøk på Sjølingstad Uldvarefabrik.

Ei fager ungmøy med det klingande namnet Fia guida oss på beste vis, og me fekk i dei ulike hallane og bygningane følgja heile ullproduksjonen frå først til sist.

Eit tips til alle Byglendingar og anna godtfolk som passerer Mandal på veg vestover: Ta turen oppom Sjølingstad!

Så gjekk vegen attende til heimlege traktar, og eidå ein gong var me einige om at me hadde hatt ein fin tur!

*Olav Nilsen*
*Reiseleiar og referent.*

# Country-gospelkonsert i verdsklasse!

**Torsdag 20.august var det duka for ein strålande country-gospelkonsert i Bygland kyrkje med High Road frå sjølvaste Nashville!**

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

Dei fire amerikanske jentene song og spelte for ei fullsett Bygland kyrkje så taket mest letta seg.



Med Sarah Davison på piano, Kristen Bearfield på mandolin og banjo, Rachel Crick på fele og Nicole Croteau på gitar, serverte dei den eine musikalske perla etter den andre.

Rachel levde seg så inn i musikken at ho til tider mest gjekk i eitt med fela si!

Før konserten vart Harry Andersen heidra for sin medverknad på mest alle konserter som har vore med ulike amerikanske artistar i Bygland kyrkje dei siste 20 åra.

Allstøtt positiv og engasjert, og som så ofte før hadde han og Tone Sordal stelt istand ein velsmakande middag til artistane med følgje då dei ankom Bygland i god tid før sjølve konserten.

Tor Ånund Kleivane leverte som alltid lyd av beste klasse, og i pausen nytta mange høvet til ein god prat utanfor kyrkja i det strålande sommarveret.

Etter konserten vart High Road og følgje med opp til KVS Bygland på kveldsmat og omvisning på skulen.

Tilbakemeldingane tyder på at dei og var vel nøgde med ein innhaldsrik dag på Bygland, avslutta med ein strålande konsert for eit stort og entusiastisk publikum frå heile dalen!

Gjennom åras løp har mange kjende artistar teke turen til Bygland, og for mange av dei har fagre og klangfulle Bygland kyrkje vore høgdepunktet på heile turneen!

Så og denne varme sumarkvelden ein fager augustdag i 2026!



## Velkommen til Guds hus, kyrkja di!

**Sundag 20. desember**
Sandnes kyrkje, Åraksbø kl 18.00
Gudsteneste ved Vonheimkoret

**Torsdag 24. desember**
Byglandsheimen kl 13
Gudsteneste ved Knut Gakkestad
Musikar Runar Flåt Granheim

Bygland kyrkje kl 14.30
Gudsteneste ved Mats Hansen
Organist Runar Flåt Granheim

Årdal kyrkje kl 16.00
Gudsteneste ved Mats Hansen
Organist Håkon Hageland

**Søndag 31. januar**
Presentasjon av konfirmantane
Bygland kyrkje kl 11.00
Gudsteneste ved Mats Hansen

**Onsdag 10. februar**
Askeonsdagsgudsteneste
Årdal kyrkje i Grendi, kl 18.00
Gudsteneste ved Mats Hansen
Organist Eirik Hodnemyr

**Søndag 21. februar**
Sandnes kyrkje, Åraksbø
Gudsteneste ved Mats Hansen
Organist Eirik Hodnemyr

## Gåve til bladet

Kyrkjebladet for Bygland vert gjeve ut av soknerådet. Bladet vert sendt alle husstandar i kommunane og frankert til dei som ynskjer det og bur utanfor området.
Økonomien er basert på frivillig innsats frå redaktør og redaksjonskomité og frivillige bladpengar.
Me set difor svært pris på alle gåvebidrag me får inn!
Gåver kan sendast med Vipps nr. 554108, eller til Bygland Kyrkjelege Fellesråd sin bankkonto 2898.20.05630 og merk med Gåva til Kyrkjebladet. Tusen takk!

Støtt Kyrkjebladet
Vipps
554108

# ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD

## Døde

Hallvard Frøysnes
Født 26.02.33 Død: 04.06.26

Jon Segberg
Født 20.01.34 Død: 09.07.26

Harald Inge Lund
Født 161141 Død: 19.09.26

Barbro Sofie Aasheim Borgi
Født 03.04.52 Død: 23.09.26

## Døypte

Eli Borgi
05.09.26 i Sandnes kyrkje

Mari Lamo Haugsvær
19.09.26 i bygland kyrkje

Tallak Madsen Helle
27.09.26 i Sandnes kapell

Isak Hovstad Madsen
27.09.26 i Årdal kyrkje

Ellie Christine Stangvik Røysland
11.10.26 i Årdal kyrkje

# Kyrkjebladet for 70 år sidan - 1956

### GUDSTENESTER

4. sundag i advent, 23. desember kl. 11: Austad kyrkje. Barnegudsteneste.
Jolaftan kl. 14.30 (½3): Årdal kyrkje. Barnegudsteneste.
Joledag kl. 11: Bygland kyrkje. Offer.
Annandag jol: Åraksbø og Austad. Offer.
Sundag etter jol (30. desember): Bygland kyrkje kl. 19.30 (½8).
Nyårsdag kl. 11: Årdal kyrkje. Offer. Nattverd.

*Ei velsigna Jol*
*og eit Godt Nyår*

*ynskjer vi kvar heim i Bygland og dei som bladet elles når fram til.*
*Inderleg takk for vensemd og godt samarbeid i det året som går.*

*KAREN og SIGURD ROE*

### Han måtte si nei

La oss ta en episode av en engelsk pedagogisk forfatter. Den forteller om hvor sunt et barns innstilling kan være. I Liverpool var en liten seks års gammel pike begynt på søndagsskolen uten at moren visste det eller ville det. Moren var kommunist og ateist. Da datteren begynte å be aftenbønnen, ville moren straks plukke den unoten av henne. Men barnet fortsatte ufortrødent. Hun ba sin aftenbønn til og med høyt tross morens stadige påstand om at det «ikke nyttet». For riktig å bevise dette grep moren anledningen da hun hørte at datteren før sin fødselsdag ba Gud om at hun i morgen måtte få en fødselsdagskringle. Moren sørget for at hun ingen fikk, og denne aften grep hun inn med det samme barnet begynte å be.

«Du ser jo det ikke nytter. I går ba du om en kringle, og nå ser du at han ikke hører». Svaret lød: «Jo, han hører nok, men han måtte si nei denne gang.»

Jeg ville ikke gjenfortalt dette hvis ikke en kritisk psykolog går god for ektheten. Ikke at det forbauser — demringen hos barn kan overgå de voksne i klarhet — men vi har nå engang lett for å anse slikt for solskinnsfortellinger.

*Eivind Berggrav.*

### FRÅ KYRKJEBØKENE

*Døypte:*

23. september: Bygland kyrkje: Sigrid Bygland, f. 1. august. Foreldre: Bileigar Neri Eivindson Bygland og k. Margit, f. Langeid.
14. oktober: Austad kyrkje: Olav Ose, f. 13. august. Foreldre: Entreprenør Daniel Torgeirson Ose og k. Sigrid, f. Sandnes.
28. oktober: Bygland kyrkje: Solveig Jensen, f. 18. juli. Foreldre: Maskinassistent til sjøs Sigurd Barth Jensen og k. Gunvor, f. Hage.
4. november: Årdal kyrkje: Gro Haugaa, f. 5. august. Foreldre: Kontorist Konrad Gunsteinson Haugaa og k. Eva Karin, f. Nordgaard.
4. november: Årdal kyrkje: Gerd Fjeldberg, f. 24. september. Foreldre: Sjåfør Georg Arntson Fjeldberg og k. Gunhild, f. Haugland.
4. november: Årdal kyrkje: Jan Terje Skjeggedal, f. 13. september. Foreldre: Sagarbeider John Terjeson Skjeggedal og k. Anne, f. Bø.
11. november: Austad kyrkje: Torbjørg Arneberg, f. 29. oktober. Foreldre: Forpakter Lars Gunnarson Arneberg og k. Tone, f. Heggland.

*Avlidne:*

26. august: Gardbrukarenkje Gunnhild Olavsdtr. Moy, f. 27. september 1877.
1. september: Gardbrukarenkje Anne Skjølluvsdtr. Dale, f. 29. juli 1869.
26. september: Gardbrukarenkje Jorund Hallvardsdtr. Eldhuset, f. 17. februar 1880.
29. september: Enkje Anne Rolleivsdtr. Såghus, f. 3. juni 1875 i Åmli.
30. september: Fv. vegarbeidar Nils Tønnessen Homdrom, f. 14. november 1880.
8. oktober: Fv. sagmeistar Konrad Emil Fiskaa, f. 10. februar 1869.
19. november: Fv. hushjelp Astrid Olavsdtr. Baas, f. 28. april 1866.
21. november: Gardbrukarenkje Anne Johansdtr. Frøysnes, f. 15. juni 1870.

Kvittering for bladpengar:
Frå B.fjord v/ Bertha Kostøl kr. 66.00
« Unemnd, B.fjord ..... « 10.00
Hjarteleg takk!

Dersom bladet skal kunne bera seg, lyt bladpengane aukast til kr. 2.00 innanlands og til kr. 3.00 til U.S.A. (gjeldande frå 1. januar 1957).
*Ein bed om helsingar til bladet.*

Utgjevar og redaktør:
*Prost S. Roe.*
Fædrelandsvennens trykkeri - Kristiansand S.

# Kyrkjelydene i Bygland

## Tilsette og kontaktinformasjon

**Bygland kyrkjekontor,**
Sentrum 18, 4745 Bygland
Bygland kommune: ..... 379 34 700
Heimeside: www.bygland.kyrkjelyd.no
www.facebook.com/Byglandskyrkjene

**Vikarierande prest:**
**Mats Hansen**
Telefon ..... 938 00 707
E-post: mh588@kirken.no

**Kyrkjeverje Anne Synnøve Ropstad**
Telefon ..... 909 16 664
E-post: AR375@kyrkja.no

**Bygland og Årdal sokneråd**
**Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes**
Mobil: ..... 950 41 185
E-post: gro.tove74@gmail.com

**Nestleiar: Ann Cecilie Andersen**
Mobil: ..... 482 14 913
E-post: cecilie.andersen@bygland.kommune.no

## Tilsette

**Organist**
Eirik Hodnemyr (eige firma)
Mobil:..... 975 69 885
E-post: eirik@hodnemyr.no

**Kyrkjetenar:**
Rita Skjeggedal
Mobil:..... 924 64 001
E-post:
rita.skjeggedal@bygland.kommune.no

**Prostidiakon**
Åse Gudrun Thortveit .. 916 85 159
E-post: aasegudrun@hotmail.com

KLIMANØYTRAL DISTRIBUSJON
Levert av Posten

NORGE P. P.
posten

*Avsender: Bygland kyrkjekontor,*
*Sentrum 18, 4745 Bygland*



*Austad kyrkje*

*Layout/ombrekk: Erik Dyngvold - Trykk: Bjorvand & Co*